



# VELKOMMEN TIL PINSEFART 2021

Me vil gjerne få invitera deg som går i 2. klasse til å vera med på pinsefart i Bryne kyrkje.

Kva har ballongar og popkorn med kyrkja og Gud å gjera? Kva slags skatt er det snakk om? Kor blei Jesus av etter Kristi Himmelfart og kvar er han nå? Kvifor har vi bursdagsfest? Kven er det som har bursdag? Dette skal vi finna ut av på Pinsefart 2021 i løpet av 3 innhaldsrike tysdagssamlingar i Bryne kyrkje, med aktivitetar inne og ute, samling og laging. Få gjerne med deg fleire 2. klassingar du kjenner og bli med!

## Program /aktivitet

**NB:** Dette er den foreløpige tidsplanen. Vi håpar og trur at tidspunkta kan gjennomførast. Vi følgjer til ei kvar tid gjeldande smittevernreglar, og må derfor ta høgde for at det kan bli endringa i tidspunkta, viss situasjonen tilseier det. Ved eventuelle endringar vil alle påmeldte bli kontakta via e-post.

Tidspunkt:	Tema:
Tysdag 11. mai, kl. 17:00-18:30	Kristi himmelfart. I Guds hjarte
Tysdag 18. mai, kl. 17:00-18:30	Pinse, Den Heilage Ande
Tysdag 25. mai, kl. 17:00-18:30	Jesus i verda i dag.

## Informasjon til foreldre og føresette

Pinsefart for 2. klasse er eit ledd i kyrkja si trusopplæring. Dette brevet blir sendt ut etter medlemsregisteret til Den norske kyrkja. Dersom barnet er døypt, får 2. klassingen denne invitasjonen. Viss de veit om nokon som har lyst å koma, men ikkje har fått dette brevet, inviter dei gjerne med. Men hugs at også dei må melda seg på.

Våren er tida for både Kristi Himmelfartsdag og pinse, og vi ønskjer å sjå meir på kva desse høgtidene eigentleg handlar om. Me legg vekt på variert og kreativ formidling, og barna skal få litt å tenkja på. Elles vert det rom for leik og aktivitetar både ute og inne. Det blir eit enkelt fruktmåltid kvar gong.

## Påmelding og eigenbetaling

Du kan melda deg på via [www.brynekyrkja.no/pinsefart](http://www.brynekyrkja.no/pinsefart) Påmeldingsfrist er torsdag 6. mai.

Pinsefart har ein eigenbetaling på kr. 50,- Dette kan betalast på vippsnr. 655242, eller kontant ved oppmøte.

Viss du har behov for tilrettelegging på samlinga, har matallergiar eller det er noko anna vi treng å vita om, kan du skriva det ved påmelding. Ta gjerne kontakt viss du lurar på noko.

## Velkommen til å vere med

Vi gler oss til å treffe deg på Pinsefart i Brynekyrkja.

Helsing frå

Marit Høie Hetland

[marit.hetland@timekyrkja.no](mailto:marit.hetland@timekyrkja.no)

Tlf. 911 63 039

Per Olav Egeland

[per.olav.egeland@timekyrkja.no](mailto:per.olav.egeland@timekyrkja.no)

Tlf. 900 18 708



**STØRST AV ALT**  
TROSOPPLÆRING I DEN NORSKE KIRKE

